



Svanhild Haugland Foto: Ola Matti Mathisen

Soknerådet med sin nye leiar, Svanhill Haugland, har sitt fyrste ordinære møte på torsdag.

Årsmøte er lagt til 24. januar. Det skal planleggjast. Gudstenestene er datofesta. I tillegg skal det lagast halvårsplan for kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakonalt arbeid.

Trusopplæringa er eit anna sentralt tema.

Med bakgrunn i kursing av nye sokneråd i Valen kyrkje og gruppearbeid, er Soknerådet utfordra på å laga ein lokal visjon for arbeidet i Uskedal sokn.

Elles vert det lagt fram referat frå Fellesrådet og frå prosten i Sunnhordland si nyttårsmottaking i Nysæter kyrkje.

Programmet for våren med konsertar og temakveldar vert kunngjort på nettsida uskedalen.no

Tekst: Kristian Bringedal
Nett: Hans Ordin Østebø